



Advokatfirmaet Sigrun Pedersen
Postboks 168
5873 BERGEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 20/13520 - 21/74898

Saksbehandlar:

Tone Furustøl

tone.furustol@alver.kommune.no

Dato:

09.11.2021

Førebels svar med trong for tilleggsdokumentasjon for dispensasjon til oppføring av einebustad og garasje - gbnr 322/97 Mjåtveit

Tiltak:

Byggjestad:

Gbnr: 322/97

Tiltakshavar:

Rune Rading

Ansvarleg søkjar:

Advokatfirmaet Sigrun Pedersen

SAKA GJELD

Vi viser til krav om dekning av saksomkostningar, datert 02.07.2021 og mottatt same dag frå Advokatfirmaet Sigrun Pedersen. Samla krav utgjer kr. 58.255,50 inklusiv meirverdiavgift.

Kravet gjeld dekning av kostnader i høve klage på delegert vedtak i sak 20/13520, datert 17.01.2021, om avslag på søknad om dispensasjon frå plankravet for oppføring av einebustad – gbnr 322/97. Utval for areal, plan og miljø endra vedtaket i møte 23.06.2021 i sak 20/13520 med saknr. 113/21, der klagen vart tatt til følgje og vedtaket gjort om. Det vart gjeve dispensasjon frå plankravet til oppføring av einebustad og garasje - gbnr 322/97 Mjåtveit.

Første del av sakskostnadskravet gjeld bistand frå advokat Sigrun Pedersen til tiltakshavar, Rune Rading som utgjer kr 53.242,50 ink.mva relatert til 34,35t arbeid. Timesatsen er kr 1.550,- ink.mva og kr 1.240,- eks. mva. Andre del av sakskostnadskravet gjeld utgifter til fagkyndig bistand frå Lonaleite AS v/Arne Brandsdal og utgjer kr 5.013,- i.h.t. faktura av 15.04.2021.

Det framstår som uklart for kommunen kva fagkyndig bistand Lonaleite AS v/Arne Brandsdal har bidratt med i saken. Enhetsregisteret gir opplysningar om at Lonaleite AS eig og driv utleige av bustad og forretningseigedomar utan at denne informasjon opplys saka ytterlegare. Den skriftlege dokumentasjon som er framlagt er fakturaen av 15.04.2021 som henviser til konsulentonorar, køyring og bompengar. Vidare vert det vist til telefonsamtale, gjennomlesing av dokumenter og møte den 17.03.2021.

Mottakskontroll

Kommune har kontrollert kravet om sakskostnader og finn at det ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Kva kompetanse Lonaleite AS v/Arne Brandsdal har for noverande sak som gjer at han skal reknast som fagkyndig bistand.
2. Om Lonaleite AS v/Arne Brandsdal har bidratt med noko skriftleg arbeid i saka slik som målsatt situasjonsplan/innhenting av teikningar mv.
3. Kor mykje av konsulentonoraret som referer seg til møte den 17.03.2021.

Frist vert sett til 24.11.2021.

Opplysningane sendast til post@alver.kommune.no eller per post til Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug og merkast med saknr. 20/13520 – gbnr 322/97 Mjåtveit.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen
Avdelingsleiar

Tone Furustøl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Advokatfirmaet Sigrun Pedersen	Postboks 168	5873	BERGEN
Rune Rading	Postboks 40	5906	FREKHAUG
Rune Rading	Postboks 40	5906	FREKHAUG

Mottakarar:

Advokatfirmaet Sigrun Pedersen	Postboks 168	5873	BERGEN
--------------------------------	--------------	------	--------